



Ing. Taule as
Karl Atle Taule
Kvassnesvn 33
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/885 - 15/9802

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
04.09.2015

Byggesak Gbnr 38/73 Helland og 98/89 Mellingen - skytebane - søknad om endring av løyve og søknad om løyve til tiltak- godkjenning

Delegasjonssak nr.: 216/2015

Administrativt vedtak. Saknr: 216/2015

Tiltakshavar: Radøy skyttarlag
Ansvarleg søkjar: Ing. Taule AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 jf. § 20-3

Saksutgreiing:

Tiltak

Det er gjeve rammeløyve i sak 292/09 og igangsettingsløyve i sak 266/12 for tiltak knytt til opparbeiding av skytebane.

Saka gjeld søknaden om endra plassering av intern veg og parkeringsplass.

Saka gjeld vidare godkjent skytterhuset. Skytterhuset vil ikkje verte ført opp i nær framtid og vert difor trekt ut av saka.

Saka gjeld vidare søknad om oppføring av internveg til skivearrangement 100 meter bane og standplass 100 meter bane. Intern veg skal opparbeidast med 3,5 meter breidde.

Det vert elles vist til søknad motteke 06.08.2015 og supplert 02.09.2015.

Nabovarsling

Endringa er ikkje nabovarsla.

Statens vegvesen er eigar av veggrunn som grensar til eigedomen, og er varsla som vegstyresmakta.

Kommunen vurderar at andre naboer ikkje vert råka av endringa og finn å kunne unnta frå nabovarsling med heimel i plan- og bygningslova § 21-3.

Uttale frå annan styresmakt

Vegstyresmakta har i brev av 30.06.2015 opplyst at avstand frå tilkomstveg og parkeringsplass til vegkant fylkesveg skal vere minimum 10 meter.

Plassering

Plassering av tiltaka er vist i situasjonsplan revidert utgåve datert og signert av ansvarleg søker 02.09.15.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 10 meter til vegkant fylkesveg.

Planstatus

Tiltaket er plassert utafor byggegrense i plan, men i samsvar med vedtak i sak om mindre reguleringsendring av 23.01.2013 (sak 06/13). Bygningsstyresmakta legg til grunn at tiltaket ikkje har trong for dispensasjon frå byggegrense.

Plassering av tilkomstveg og parkeringsplass avviker frå plassering av veg og parkeringsplass i reguleringsplanen.

Veg til 100 meterbane og standplass 100 meterbane er plassert i område friluftsområde og fareområde.

Bygningsstyresmakta legg til grunn at føresegna opnar for tiltak i friluftsområdet:

«§ 3.1 Området reguleres til skytebane. Innenfor det regulerte fareområdet er det tillatt å oppføre bygninger og innretninger som er nødvendig for områdets drift og bruk som skytebane. Dette gjelder adkomst-/anleggsveger, standplass, lager, skivearrangement, skivevoller, anvisergraver og sikkerhetsanlegg. Terrenginngrep skal jorddekkes og tilsås.

§ 4.1 Område F1 reguleres til friluftsområde. I tillegg til det som tillates i § 3.1 for områdets drift og bruk som skytebane, tillates også etablering stier.»

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Avkjørsle til offentleg veg er godkjent av vegstyresmakta i brev av 30.06.2015.

VURDERING

Søknad om endring vert godkjent som omsøkt.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a og l, jf. § 20-3 vert det godkjent endra plassering av tilkomstveg og parkeringsplass. Det vert samstundes godkjent oppføring av intern veg til 100 meter bane og standplass 100 meter bane. Vedtak i sak 092/09 og 266/12 som gjeld skyttarhus vert oppheva.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
3. Avkjørsle til offentlig veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
4. Rekkefølgekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

1. Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt sakshandsaming	1	2 700
	Totalt gebyr å betala		2 700

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk forvaltning Tonje Nepstad Epland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Ing. Taule as

Kvassnesvn 33 5914

ISDALSTØ